



Statens vegvesen

Notat


Til: Sogn og Fjordane fylkeskommune
Frå: Vegavdeling Sogn og Fjordane
Kopi:

Sakshandsamar/innvalsnr:
Dina Lefdal +47 57655706
Vår dato: 25.03.2014
Vår referanse:

Eigarskap til nye veglenker i Førdepakken

Fylkestinget handsama bompengesøknad for Førdepakken 10. desember 2013, FT-sak 43/13. I vedtaket (pkt. 9) fekk Fylkesutvalet fullmakt til å avtale eigarskap til 3 prosjekt som førebels har uavklara eigarskap i Førdepakken. Dette gjeld følgjande veglenker:

- Angedalsvegen – Hafstadvegen (Hafstad bydel)
- Indre Øyrane – Langebruvegen (til lyskryss)
- Halbrendøyra - Øyrane



Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Skrivarvegen 3, Tinghus III
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Alle disse er nye veglenker i Førde, og bidreg til å legge til rette for fortetting og utbygging av nye område i Førde sentrum, samt avlaste trafikken på rv. 5 og E39 og fylkesveg 481. Det er i hovudsak spørsmål om det skal vere fylkeskommunalt eller kommunalt eigarskap til desse vegane. Fylkesrådmannen har lagt til grunn at vegeigar for dei førebels uavklarte prosjekta blir vurdert i høve til retningsliner for funksjonsklasseinndeling av vegnettet og at dette blir avklart tidleg våren 2014.

Funksjonsinndeling av vegnettet

I Regional transportplan er det definert ulike funksjonsklassar for fylkesvegnettet. Funksjonsinndelinga av fylkesvegnettet skal gje kunnskap som kan nyttast for ein heilskapleg og behovs-basert utvikling av vegnettet. Funksjonsinndelinga skal leggest til grunn ved vurdering av behov for standard som breidde, kurvatur osv., på ulike vegstrekningar. Dei skal også vere grunnlag for prioriteringar av drifts- og vedlikehaldstiltak og investeringar i handlingsprogrammet. Ved langsiktig planlegging og dimensjonering av innsatsen på fylkesvegnettet skal funksjonsklassane leggest til grunn. Det er definert følgjande funksjonsklassar:

Funksjonsklasse A – nasjonale hovudvegar

Riksvegane i Sogn og Fjordane; E16, E39, rv. 5, rv. 13, rv. 15, rv. 52, rv. 55.

Funksjonsklasse B - regionale hovudvegar

Vegar med regional funksjon, overordna/regional betydning, relativt mykje trafikk og viktige vegar for næringslivet. I utgangspunktet er dette fylkesvegar med årsdøgertrafikk over 1000 kjt/d og ein stor del lange reiser. Saman med riksvegane utgjer desse eit overordna transportnett. Døme på slike vegar er fv. 60 (Blindheim – Byrkjelo), fv. 57 (Espeland – Knarvik) og fv. 55 (Vadheim – Dragsvik og Sogndal – Lom). Dei viktigaste vegane som kryssar fylkesgrensene høyrer også med i funksjonsklasse B.

Funksjonsklasse C - lokale hovudvegar

Vegar med viktig lokal, men også ein viss regional, funksjon der hovudfunksjonen er viktige sambandsvegar mellom funksjonsklasse A og B og samband til kommunesentra. Også desse vegane har ein del lange reiser, men reiselengda er gjennomgåande kortare enn for klasse B. Hovudvegar/gater i tettstader horer også med i funksjonsklasse C. Desse vegane har gjerne trafikk i storleiken 500-1000 kjt/d. Døme på slike vegar er fv. 615 (Sandane – Storebru) og fv. 620 (Åheim – Leikanger i Selje).

Funksjonsklasse D – lokale samlevegar

Vegar som bind saman bygder og grender eller gir hovudtilkomst til bygd eller grend. I funksjonsklasse D vil det vera ei blanding av enkeltveger og kortare samanhengande ruter. Viktigaste samband til turistmål eller større industriområde eller mellom mindre befolkningskonsentrasjonar. Desse vegane har også ein samlefunksjon for trafikk til eller frå vegar i funksjonsklasse B og C. Samlevegar i tettstader/byar høyrer også med i funksjonsklasse D. Dette er for det meste fylkesvegar med lag trafikk, årsdøgertrafikk under 500 kjt/d. Døme på slike vegar er fv. 724 (Olden – Briksdalsbreen), fv. 331 (Skjolden – Ornes) og fv. 92 (Vikøyri – Arnafjord).

Funksjonsklasse E - lokale tilkomstveger

Vegane har primært lokale funksjonar. Fungerer som samlevegar og er dominert av tilkomst til bustader og verksemder langs vegane. I denne funksjonsklassen er det nokre fylkesvegar med svært låg trafikk og avgrensa funksjon. Det er også ein funksjonsklasse som passar for mange

kommunale vegar. Døme på vegar i denne funksjonsklassen er fv. 214 (Fimreite), fv. 152 (Menes – Ulvestad) og fv. 362 (Askvoll – Follevag).

Framlegg til eigarskap for dei tre nye veglenkene i Førde

Fylkesrådmann og rådmann i Førde har diskutert saka og kome fram til ei tilråding i samarbeid med Statens vegvesen. Det var einigheit om å legge til grunn eit prinsipp om at samleveg utan direkte tilkomst til eigedomane skal vera fylkesveg, medan andre lokalvegar og tilkomstvegar skal vera kommunale.



Angedalsvegen – Hafstadvegen (Hafstad bydel)

Ny veg frå Angedalsvegen (fv. 481) til Hafstadvegen (E39) har førsteprioritet i Førdepakken. Statens vegvesen har stilt krav om at denne veglenka må byggjast for at kommunen skal kunne bygge ut og utvikle Hafstad bydel i tråd med vedtekne planar. Dette for å hindre auka kapasitetsutfordring i dagens kryss på rv. 5 og E39 i sentrum. Vegen vil verke avlastande for trafikken på E39 og rv. 5, samt fv. 481. Ein del av trafikken til/frå Førde sentrum frå vest vil truleg nytte denne vegen som tilkomst til sentrum. Den er planlagt bygd som samleveg utan direkte tilkomst til enkelteigedomar. Det vert tilrådd at denne veglenka får status som fylkesveg.

Veg gjennom Hafstad bydel vil verte ein veg med viktig lokal, men med noko regional funksjon, sjølv om bakgrunnen for å bygge den er høvet til å etablere og utvikle ein ny bydel nær Førde sentrum. Den vil ha funksjon som tilkomst til Førde sentrum i tillegg til lokal funksjon med tilkomst til Hafstad bydel. Såleis vil den høyre heime i funksjonsklasse D – lokal samleveg. Frå tidlegare er fv. 481 frå Storehagen til Slåtten og fv. 484 frå Hafstad til Prestefoss bru tilrådd i funksjonsklasse C - lokale hovudvegar. Desse vegane gir tilkomst til Sentralsjukehuset.

Indre Øyrane – Langebruvegen (til lyskryss fv. 481))

Ny veg over Indre Øyrane er prioritert på 12. plass i Førdepakken. Det er stilt krav om ny veg over Indre Øyrane dersom kommunen skal få til fortetting og utbygging i dette området. Dette for at ikkje belastninga i kryssa på rv. 5 skal auke ytterlegare. Vegen vil primært ha lokal funksjon med tilkomst til eigedomar på strekninga. Det blir tilrådd at denne blir kommunal veg.

Halbrendøyra - Øyrane

Denne vegstrekninga ligg langt nede på prioriteringslista i Førdepakken. Den vil ikkje løyse ut nye utbyggingsområde i sentrum, men vil verke avlastande på dagens E39, rv. 5 og fv. 609. Det vert tilrådd at vegen får status som fylkesveg. I praksis vil dette bety at fv. 609 frå Askvoll til Førde blir lagt om slik at den vil gå over Øyrane til kryss med rv. 5 i staden for til E39. Til gjengjeld vil ein del av dagens fv. 609 på Halbrendøyra bli omklassifisert til kommunal veg. Fv. 609 er tidlegare føreslegen i funksjonsklasse B – regionale hovudvegar ut frå sin funksjon som hovudveg til Askvoll og vidare sørover til Fjaler og Hyllestad.